

# Eksamen

23.05.2019

NOR1405-NOR1410

Norsk for språklige minoriteter med kort botid i Norge /  
Norsk for språklege minoritetar med kort butid i Noreg

## Bokmål

### Eksamensinformasjon

<b>Eksamenstid</b>	Eksamen varer i 5 timer.
<b>Hjelpemidler</b>	<p>Alle hjelpemidler er tillatt, bortsett fra åpent Internett og andre verktøy som kan brukes til kommunikasjon. For norsk, samisk, finsk som andrespråk og fremmedspråkene er heller ikke oversettelsesprogrammer tillatt.</p> <p>Når du bruker nettbaserte hjelpemidler under eksamen, har du ikke lov til å kommunisere med andre. Samskriving, chat og andre måter å utveksle informasjon med andre på er ikke tillatt.</p>
<b>Bruk av kilder</b>	<p>Hvis du bruker kilder i besvarelsen din, skal de alltid oppgis på en slik måte at leseren kan finne fram til dem.</p> <p>Du skal oppgi forfatter og fullstendig tittel på både lærebøker og annen litteratur. Hvis du bruker utskrifter eller sitater fra Internett, skal du oppgi nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato.</p>
<b>Informasjon om oppgaven</b>	Oppgavesettet har kortsvar og langsvar. Du skal svare på oppgaven i del A, én av oppgavene i del B og én av oppgavene i langsvardelen.
<b>Informasjon om vurderingen</b>	<p>Sensor skal vurdere om du kan</p> <ul style="list-style-type: none"><li>– forstå tekster</li><li>– skrive stort sett korrekt norsk</li><li>– skrive tekster som er relevante svar på oppgaven, og som har god struktur og tematisk sammenheng</li><li>– tilpasse språket til formål og mottaker</li></ul> <p>Karakteren blir satt på grunnlag av hele svaret ditt.</p> <p>Se eksamensveiledningen med kjennetegn på måloppnåelse til sentralt gitt skriftlig eksamen. Eksamensveiledningen finner du på Utdanningsdirektoratets nettsider.</p>

## Kort svar

Legg merke til at det står kommentarer under oppgaveinstruksene. Kommentaren er til hjelp for å løse oppgaven.

### Del A

Alle skal svare på del A.

Tekst:

- «Voksne lever ut sine drømmer gjennom barna, men glemmer å spørre hva ungene vil», side 4

Forklar uttrykkene som er uthevet nedenfor:

- 1) ... **på vegne av** barna ...
- 2) ... foreldre **drar strikken for langt** ...
- 3) ... skal **leve ut drømmen** ...
- 4) ... **skulke i smug** ...
- 5) ... **står de ekstra på** ...
- 6) ... **å rive seg løs** ...
- 7) ... **etablerer et eget liv** ...

*Kommentar: Du skal vise at du forstår uttrykkene slik de er brukt i teksten. Når du forklarer, skal du bruke fullstendige setninger.*

### Del B

Du skal svare på én av oppgavene i del B. Svaret bør ikke være på mer enn cirka 250 ord. Skriv svaret ditt som en sammenhengende tekst. Bruk nummeret på den oppgaven du har valgt, som overskrift.

#### Oppgave B1

Tekst:

- Utdrag fra *Soga om Gunnlaug Ormstunge*, side 3

Skriv en informativ tekst der du gjør kort greie for noen virkemidler som er typiske for den norrøne sagalitteraturen. Bruk eksempler fra teksten.

*Kommentar: I svaret ditt skal du bruke kunnskaper du har om sagalitteraturen. Du skal bruke egne ord og eksempler fra teksten.*

*Oppgave B2 står på neste side.*

## Oppgave B2

Tekst:

- Reklamekampanjen «Gi næring til drømmene» fra Tine, side 8

Dette er en del av en kampanje fra matvareprodusenten Tine, som støtter ulike idrettsaktiviteter for barn og ungdom. Forklar noen av virkemidlene som er brukt i reklamen. Vurder kort om du synes reklamen er vellykket.

*Kommentar: I svaret ditt skal du bruke fagspråk. Du skal begrunne synspunktene dine.*

## Langsvar

**Du skal svare på én av oppgavene. Du skal alltid oppgi nummeret på oppgaven du har valgt. Bli du bedt om å lage overskrift selv, skriver du overskriften under oppgavenummeret.**

### Oppgave 1

Tekster:

- «Til Ellen Anna» av Laila Stien, side 5
- «Hvis jeg fikk leve ett liv til» av Nadine Stair, side 5
- «En sekser i livet» av Linn Skåber, side 8

Velg to av de tre diktene. Tolk og sammenlign diktene. Hva mener du om budskapet i disse diktene?

*Kommentar: Du skal skrive om to av diktene, og du skal skrive om både tema og virkemidler. Du kan selv velge hvordan du vil strukturere svaret ditt.*

### Oppgave 2

Tekster:

- «Voksne lever ut sine drømmer gjennom barna, men glemmer å spørre hva ungene vil», side 4
- «Sekser i livet» av Linn Skåber, side 8

Gjør greie for budskapet i de to tekstene. Reflekter over hvordan drømmer og ambisjoner kan ha betydning for menneskers liv.

*Kommentar: Oppgaven er todelt, og du skal svare på begge delene. I den første delen skal du legge vekt på innholdet i vedleggene, og du skal bruke egne ord. I den andre delen kan du også vise til andre tekster, og du kan bruke egne erfaringer.*

### Oppgave 3

Tekst:

- Alle tekstene i forberedelsesheftet

Skriv en argumenterende tekst der du prøver å overbevise ungdommer om at de bør følge drømmene sine.

*Kommentar: Det skal komme tydelig fram hvem du skriver til, og hva som er argumentene dine. Oppgaven åpner for ulike sjangrer. Du kan for eksempel forme svaret ditt som et leserinnlegg, et brev eller en tale.*

### Oppgave 4

Tekst:

- Malala Yousafzais takketale ved overrekkelsen av Nobels fredspris 2014, side 6–7

Gjør greie for hovedbudskapet, og forklar hvordan ulike retoriske appellformer er brukt i denne talen. Vurder hvordan utdanning kan være med på å oppfylle drømmene våre.

*Kommentar: Oppgaven har tre deler. Når du skriver om hovedbudskapet skal du bruke dine egne ord. Bruk eksempler fra teksten når du forklarer appellformene. I den siste delen kan du bruke egne idéer, tanker og erfaringer.*

## Nynorsk

### Eksamensinformasjon

<b>Eksamenstid</b>	Eksamen varer i 5 timar.
<b>Hjelpemiddel</b>	<p>Alle hjelpemiddel er tillatne, bortsett frå opent Internett og andre verktøy som kan brukast til kommunikasjon.</p> <p>For norsk, samisk, finsk som andrespråk og framandspråka er heller ikkje omsetjingsprogram tillatne.</p> <p>Når du bruker nettbaserte hjelpemiddel under eksamen, har du ikkje lov til å kommunisere med andre. Samskriving, chat og andre måtar å utveksle informasjon med andre er ikkje tillate.</p>
<b>Bruk av kjelder</b>	<p>Dersom du bruker kjelder i svaret ditt, skal dei alltid førast opp på ein slik måte at lesaren kan finne fram til dei.</p> <p>Du skal føre opp forfattar og fullstendig tittel på både lærebøker og annan litteratur. Dersom du bruker utskrifter eller sitat frå Internett, skal du føre opp nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato.</p>
<b>Informasjon om oppgåva</b>	Oppgåvesettet har kortsvar og langsvar. Du skal svare på oppgåva i del A, éi av oppgåvene i del B og éi av oppgåvene i langsvardelen.
<b>Informasjon om vurderinga</b>	<p>I svaret ditt skal sensor vurdere om du kan</p> <ul style="list-style-type: none"><li>– forstå tekstar</li><li>– skrive stort sett korrekt norsk</li><li>– skrive tekstar som er eit relevant svar på oppgåva, og som har god struktur og tematisk samanheng</li><li>– tilpasse språket til formål og mottakar</li></ul> <p>Karakteren blir sett på grunnlag av heile svaret ditt.</p> <p>Sjå eksamensrettleiinga med kjenneteikn på måloppnåing til sentralt gitt skriftleg eksamen. Eksamensrettleiinga finn du på Utdanningsdirektoratets nettsider</p>

## Nynorsk versjon av oppgåvene:

### Kort svar

Legg merke til at det står kommentarar under oppgåveinstruksane. Kommentaren er til hjelp for å løyse oppgåva.

### Del A

Alle skal svare på del A.

Tekst:

- «Vaksne lever ut draumane sine gjennom barna, men gløymer å spørje kva ungane vil», side 4

Forklar uttrykka som er utheva nedanfor:

- 1) ... **på vegner av** barna ...
- 2) ... foreldre **dreg strikken for langt** ...
- 3) ... skal **leve ut draumen** ...
- 4) ... **skulke i smug** ...
- 5) ... **står dei ekstra på** ...
- 6) ... **å rive seg laus** ...
- 7) ... **etablerer eit eige liv** ...

*Kommentar: Du skal vise at du forstår uttrykka slik dei er brukte i teksten. Når du forklarer, skal du bruke fullstendige setningar.*

### Del B

Du skal svare på éi av oppgåvene i del B. Svaret bør ikkje vere på meir enn cirka 250 ord. Skriv svaret ditt som ein samanhengande tekst. Bruk nummeret på den oppgåva du har valt, som overskrift.

### Oppgåve B1

Tekst:

- Utdrag frå *Soga om Gunnlaug Ormstunge*, side 3

Skriv ein informativ tekst der du gjer kort greie for nokre verkemiddel som er typiske for den norrøne sagalitteraturen. Bruk eksempel frå teksten.

*Kommentar: I svaret ditt skal du bruke kunnskapar du har om sagalitteraturen. Du skal bruke eigne ord og eksempel frå teksten.*

Oppgåve B2 står på neste side.

## Oppgåve B2

Tekst:

- Reklamekampanjen «Gi næring til drømmene» frå Tine, side 8

Dette er ein del av ein kampanje frå matvareprodusenten Tine, som støttar ulike idrettsaktivitetar for barn og ungdom. Forklar nokre av verkemidla som er brukte i reklamen. Vurder kort om du synest reklamen er vellykka.

*Kommentar: I svaret ditt skal du bruke fagspråk. Du skal grunngi synspunkta dine.*

## Langsvar

**Du skal svare på éi av oppgåvene. Du skal alltid oppgi nummeret på oppgåva du har valt. Blir du beden om å lage overskrift sjølv, skriv du overskrifta under oppgåvenummeret.**

### Oppgåve 1

Tekstar:

- «Til Ellen Anna» av Laila Stien, side 5
- «Hvis jeg fikk leve ett liv til» av Nadine Stair, side 5
- «En sekser i livet» av Linn Skåber, side 8

Vel to av dei tre dikta. Tolk og samanlikn dikta. Kva meiner du om budskapet i desse dikta?

*Kommentar: Du skal skrive om to av dikta, og du skal skrive om både tema og verkemiddel. Du kan sjølv velje korleis du vil strukturere svaret ditt.*

### Oppgåve 2

Tekstar:

- «Vaksne lever ut draumane sine gjennom barna, men gløymer å spørje kva ungane vil», side 4
- «Sekser i livet» av Linn Skåber, side 8

Gjer greie for budskapet i dei to tekstane. Reflekter over korleis draumar og ambisjonar kan ha betydning for livet til menneske.

*Kommentar: Oppgåva er todelt, og du skal svare på begge delane. I den første delen skal du leggje vekt på innhaldet i vedlegga, og du skal bruke egne ord. I den andre delen kan du også vise til andre tekstar, og du kan bruke egne erfaringar.*



### Oppgåve 3

Tekst:

- Alle tekstane i førebuingsheftet

Skriv ein argumenterende tekst der du prøver å overtyde ungdommar om at dei bør følge draumane sine.

*Kommentar: Det skal komme tydeleg fram kven du skriv til, og kva som er argumenta dine. Oppgåva opnar for ulike sjangrar. Du kan for eksempel forme svaret ditt som eit lesarinnlegg, eit brev eller ein tale.*

### Oppgåve 4

Tekst:

- Malala Yousafzais takketale ved overrekkinga av Nobels fredspris 2014, side 6–7

Gjer greie for hovudbodskapen, og forklar korleis ulike retoriske appellformer er brukte i denne talen. Vurder korleis utdanning kan vere med på å oppfylle draumane våre.

*Kommentar: Oppgåva har tre delar. Når du skriv om hovudbodskapen, skal du bruke dine egne ord. Bruk eksempel frå teksten når du forklarar appellformene. I den siste delen kan du bruke egne idéar, tankar og erfaringar.*



Schweigaards gate 15  
Postboks 9359 Grønland  
0135 OSLO  
Telefon 23 30 12 00  
[utdanningsdirektoratet.no](http://utdanningsdirektoratet.no)